


Plan for godt skulemiljø



Sør-Fron kommune



1. Innleiing:

Plan for godt skulemiljø er laga med bakgrunn i Kapittel 9a i opplæringslova.

§9a-1 Generelle krav

Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§9a-3 Det psykososiale miljøet

«Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkomande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogeleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om der var gjort enkeltvedtak».

Det er viktig å understreke at denne lovparagrafen handlar om meir enn mobbing. Mobbing, vald, rasisme og diskriminering er berre eksempel på «krenkjande ord eller handlingar». Lova gjeld også andre former for krenkjande ord eller handlingar, slik som negative, enkeltståande utsegn om ein person sin utsjånad, klede, tru, dialekt, funksjonshemming, seksuell legning osv.

Definisjonar:

Mobbing:

- *«En person blir mobbet når han eller hun, gjentatte ganger og over tid, blir utsatt for negative handlinger fra en eller flere personer. Det er en negativ eller aggressiv handling når noen med vilje påfører en annen person skade eller smerte – ved fysisk kontakt, ved ord eller på andre måter. For å kunne bruke betegnelsen mobbing skal det også være en viss ubalanse i makt- og styrkeforholdet: Den som blir utsatt for de negative handlingene, har vanskelig for å forsvare seg og er noe hjelpeløs overfor den eller de som plager ham eller henne.*
- *Etter denne definisjonen, som også blir brukt internasjonalt, er mobbing kjennetegnet av disse tre kriteriene: 1) Det dreier seg om aggressiv eller ondsinnet adferd, som 2) gjentar seg og varer ved over en viss tid 3) i en mellommenneskelig relasjon som er preget av en viss ubalanse i styrke- eller maktforholdet. Mobbing inntreffer ofte uten noen åpenbar provokasjon fra offeret sin side.*

- *Loven omfatter både direkte mobbing, med etter måten åpne angrep på offeret, og indirekte mobbing, med sosial isolering og utestenging frå gruppa.*

Diskriminering:

- *Diskriminering innebærer at en person blir dårligere behandlet eller trakassert, for eksempel på grunn av kjønn, funksjonsdyktighet, trosbekjennelse, hudfarge, nasjonal eller etnisk opprinnelse. Diskriminering kan både være direkte og indirekte.*

Rasisme:

- *Rasisme omfatter diskriminering på grunnlag av «rase», hudfarge eller nasjonalt eller etnisk opphav».*

(Kunnskapsdepartementet, 2013)

Denne handlingsplanen omfattar tre hovudtypar mobbing:

- Direkte mobbing; der nokon vert utsett for direkte angrep fysisk eller psykisk, med til dømes spark, slag, skjellsord eller liknande.
- Indirekte mobbing; til dømes når ein elev vert halden utanfor og ikkje får delta i leik, samtale eller fellesaktivitetar, ved utfrysing, "blikk", vende ryggen til eller liknande.
- Digital mobbing; når mobiltelefon, nettstader og sosiale medium vert nytta til å krenkje andre.

Det er i Noreg innført nulltoleranse for mobbing, jamfør «Manifest mot mobbing 2011-2015».

Dette tyder på at det konsekvent skal takast tak i den som mobbar for å stoppe handlingane, og at det ikkje finst unnskyldning for slik åtferd

Plan for godt skulemiljø skal sørgje for at lovkravet blir oppfylt: Opplæringslova § 9a slår fast at elevar i grunnskulen og vidaregåande skule har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

2. KORLEIS OPPDAGE MOBBING OG ANDRE KRENKJANDE HANDLINGAR?

Skulen

- Alle tilsette på skulen har til kvar tid plikt til å fylgje godt med for å oppdage krenkjande handlingar. Dei som utøvar slike handlingar, kan vere svært flinke til å halde dette skjult for vaksne.

Elevane

- Elevane kan sjølv varsle kontaktlærer, rektor, helsesyster eller ein person dei har tillit til.

Heimen

- Heller ikkje heime er det alltid at elevane fortel om at dei er utsette for krenkjande handlingar. Det er derfor viktig at foreldra er merksame og ser etter teikn og forandringar hos barnet.

Nokre varselsignal:

Når barnet:

- kjem heim med sundrivne klede, øydelagde bøker eller har "mista" ting utan å kunne gjere greie for kva som har hendt.
- har blåmerke, skadar, kutt og skrammer utan ei truverdig forklaring på korleis det har oppstått.
- ikkje tek klassekameratar med heim, og sjeldan er med klassekameratar etter skuletid.
- verkar redd for eller har motvilje mot å gå på skulen om morgonen.
- vel ein "ulogisk" veg til skulen.
- mister interessa for skulen og skuleprestasjonane går attende.
- verkar ulukkeleg, deprimert eller har skiftande humør med plutseleg utbrot av sinne.
- har dårleg appetitt, hovudverk eller vondt i magen.
- søv uroleg om natta med mareritt og gret i søvne.
- stel eller ber om ekstra pengar (for å blidgjere dei som mobbar).

Korleis oppdage at barnet plagar andre ?

Som foreldre kan det vere vanskeleg å oppdage og å erkjenne at eins eige barn mobbar eller utøvar krenkjande handlingar mot andre. Men dersom fleire av punkta nedanfor passar på ditt barn, bør du ta det alvorleg og følgje saka vidare. Det må understrekast at desse punkta må ein sjå på som hovudtendensar. Likevel er det sannsynleg at ein som aktiv plagar andre har eitt eller fleire av kjenneteikna nedanfor:

Når barnet:

- syner ei meir positiv haldning til vald enn elevar flest.
- syner sterk trong til å dominere og undertrykkje andre barn, til å hevde seg med makt og truslar for å få viljen sin.
- har vanskar med å rette seg etter reglar.
- verkar tøff og syner lita medkjensle for born som vert mobba.
- er flink til å snakke seg ut av vanskelege situasjonar.
- synest å like å håne, krenkje, herse med, skade eller latterleggjere andre barn.
- er aggressiv, "frekk" trassig og i generell opposisjon.

Det er alle si plikt å følgje med og varsle om krenkjande handlingar. Den er ofte godt skjult og kan vere vanskeleg å få greie på. Offeret vert som regel trua til å teie. Det same kan gjelde medelevar, og i dei fleste tilfelle forstår ikkje barna heilt kor gale det er, det dei er med på.

Plan for godt skulemiljø er ein overordna plan for skulane i Sør-Fron. Skulane skal i tillegg ha lokale planar og rutiner.

Skulefritidsordninga er likestilt med skulen.

Plan for godt skulemiljø blir politisk handsama annakvart år.

3. Lokale rutiner knytt til lovteksta:

§ 9a-1. Generelle krav

«Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring».

Sør-Fron kommune gjennomfører desse førebyggjande tiltaka (som eit minimum) for å fremje godt skulemiljø:

Kva	Når	Korleis
Gjennomgang av ordensreglementet	Skulestart	Fellesmøte for tilsette Foreldremøte Elevråd Alle klassene FAU, SMU og SU
Gjennomgang av Plan for godt skulemiljø	Skulestart	Fellesmøte for tilsette Foreldremøte Elevrådet Alle klassane FAU, SMU og SU
Elevsamtaler	Ved behov, og minst to gonger i året	Einesamtaler
Foreldresamtaler/halvårsvurdering utan karakter	Hausten og våren	Førebudde samtaler mellom kontaktlærer, elev og føresette
Foreldremøte	Hausten og våren	Tema: Skulemiljø
Inspeksjonsrutiner	Kontinuerleg	Ved behov
Elevundersøking	Hausten	7. og 10.kl.
Foreldreundersøking	Hausten	
Trivselsleiarar/ leikeleiarar	I periodar	Organiserte valfrie aktivitetar i friminutta
Overgangar	I følge plan for overgangar	Bruke eigne skjema Overgangsmøte
Foreldreskule	Samlingar i skuleåret	Aktivitetar for at vaksne skal bli betre kjende
FAU,samarbeidsutval, skulemiljøutval, elevråd	Møteplanar	Informasjon og/ eller forslag til tiltak

I tillegg til dette har den enkelte skule høve til å iverksetja lokale tiltak.

§ 9a-2. Det fysiske miljøet

«Skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreist slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.

Dersom ein elev eller forelder, eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak».

I Sør-Fron kommune betyr dette at:

Sør-Fron kommune sitt HMS-arbeid vil ivareta dette lovkravet. Sør-Fron kommune følgjer regelverk om "Miljøretta helsevern i skule og barnehage" og dette blir følgd opp av kommuneoverlege.

§ 9a-3. Det psykososiale miljøet

«Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak».

I Sør-Fron kommune har vi følgjande rutiner for oppfølging av det psykososiale miljøet:

Kven	Når	Kva
Den aktuelle tilsette som har arbeidsplassen sin på skulen; rektor, pedagogar, assistentar, merkantil, driftsansvarleg, reinhaldspersonalet, vikarar, studentar, lærlingar og praksiselev.	Kontinuerleg	Vera observante i forhold til krenkjande åtferd generelt Vera spesielt observante overfor elevar som går aleine og elevar som ofte kjem opp i konflikter Plikt til å gripe inn når elevar blir utsett for krenkjande åtferd Skal melde til kontaktlærer/ leiar ved mistanke om krenkjande åtferd
Elevar	Kontinuerleg	Bør seie frå til vaksne på skulen eller heime viss ein sjølv blir krenkja eller meiner at medelevar blir krenkja
Foreldre	Kontinuerleg	Skal melde frå til kontaktlærer eller leiinga ved skulen om uro knytta til det psykososiale miljøet

I Sør-Fron kommune har vi desse rutinene for å oppdage mobbing og krenkjande åtfærd:

Kva	Når	Korleis
Elevundersøking frå Utdanningsdirektoratet	Hausten	Digitalt fast skjema
Nok vaksne i friminutta	Kontinuerleg	Inspeksjonsplan
Elevsamtaler	Kontinuerleg	
Informere foreldra om § 9a	Hausten	På klasseforeldremøte i alle klasser
Drøftingar i personalet rundt elevar sin trivsel	Kontinuerleg	På team- og fellestid

Rutine: Klage på det psykososiale miljøet

- 1) Ved munnleg eller skriftleg henvending om det psykososiale miljøet skal rektor eller kontaktlærar kontaktast.
- 2) Rektor eller kontaktlærar tek kontakt med klagaren for å opprette dialog og eventuelt avklare om vedtak skal skrivast.
- 3) Rektor fattar enkeltvedtak om å sette i gang undersøkingar eller tiltak. Det er mogleg å klage på enkeltvedtaket.
- 4) Saka skal undersøkast ved ein eller fleire av desse tiltaka:
 - a. Observasjonar
 - b. Elevsamtaler
 - c. Kartlegging av sosiale relasjonar
 - d. Trivselsundersøkingar
- 5) Undersøkingar skal fastslå behovet for eventuelt vidare tiltak
- 6) Tiltaka blir utarbeida i samarbeid med involverte elevar og foreldre

Dersom foreldre/ lærar er usikre på alvoret i saka, kan dei avtale anna oppfølging. Avtala må gjerast skriftleg og skal leggjast i elevmappa.

Sjå vedlegg 1.

§ 9a-4. Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)

«Skulen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet».

I Sør-Fron kommune blir det systematiske og kontinuerlege arbeidet for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane systematisert/ dokumentert gjennom eit årshjul:

Organisering	Aktivitet	Når
I klassa	Klassereglar Dagleg kontakt mellom lærar og elev	Kontinuerleg
Felles for skulen	Ordensreglane Trivselsleiarar Rutiner for inspeksjon Aktivitetsplan Elevråd og SMU	Kontinuerleg

§ 9a-5. Elevdeltaking i skulemiljøarbeidet

«Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skulen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva som er naturleg for dei enkelte årstrinna.

Elevrådet kan nemne opp skulemiljørepresentantar til å vareta elevane sine interesser overfor skulen og myndigheitene i saker som har med skulemiljøet å gjere. Skulemiljørepresentantane deltek i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske helse-, miljø- og tryggingarbeidet ved skulen i den grad det vedkjem skulemiljøet for elevane.

Elevane kan møte med inntil to skulemiljørepresentantar i arbeidsmiljøutvalet eller anna samarbeidsorgan der eit slikt er oppretta ved skulen i samsvar med arbeidsmiljøloven kapittel 7, når dette behandlar spørsmål som vedkjem skulemiljøet for elevane. Skulemiljørepresentantane har da talerett og rett til å få meininga si protokollert. Skulemiljørepresentantane skal ikkje vere til stades når utvalet behandlar saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter.

Skulemiljørepresentantane har rett til den informasjon som trengst for oppdraget, så langt informasjonen ikkje er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter.

Skulemiljørepresentantane har rett til den opplæring og det fritak frå undervisningstimar som trengst for å skjømte oppgåvene».

Utval og informasjonsplikt:

Kva	Når	Kva
Val og konstituering samt informasjon om kva som er oppdraget for dei som er valde. <ul style="list-style-type: none">• FAU• Samarbeidsutval• Skulemiljøutval• Elevråd	Innan 1.oktober Alle utvala følgjer sin møteplan	Elevane sitt skulemiljø skal vera tema på kvart møte

I Sør-Fron kommune skal kvar enkelt skule ha rutiner som sikrar at alle aktuelle mottakarar får rett informasjon til rett tid.

§ 9a-6. Informasjonsplikt og uttalerett

«Samarbeidsutvalet, skuleutvalet, skulemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpende underretta om alle tilhøve – deriblant hendingar, planar og vedtak – som har vesentleg betydning for skulemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skulen.

Råda og utvala som er nemnde i første ledd, skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skulen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skulemiljøet.

Dersom skulen blir klar over tilhøve ved skulemiljøet som kan ha negativ verknad for helsa til elevane, skal elevane og dei føresette snarast mogleg varslast om det».

§ 9a-7. Straff

Med bøter eller fengsel i inntil 3 månader eller begge delar blir den straffa som forsettleg eller aktlaust bryt krava i dette kapitlet eller i forskrifter gitt i medhald av det.

Medverknad blir straffa på same måten».

§ 9a-9. Skolefritidsordninga

«Føresegnene i dette kapitlet gjeld også for skulefritidsordning oppretta etter lova her».

I Sør-Fron kommune skal SFO-ordninga følgje dei same rutinene som for skulen.

§ 9a-10. Forskrifter

«Departementet kan gi nærmare forskrifter om skulemiljøet til elevane».

I 2016 kjenner Sør-Fron kommune til dømes disse rettleiarane og føreskriftene.

Alle dokumenta finn ein på Udir.no sine sider under fana skolemiljø.

- Rett til godt psykososialt miljø (Udir-2-2010)
- Skolemiljøutvalg
- Forsvarlig system §13-10 – veileder om kravet til skoleeier
- Opplæringslovens § 9a – elevens skolemiljø
- Arbeid mot mobbing – rettleiar
- Utvikling av sosial kompetanse

4. Sør- Fron er MOT-kommune

Frå heimesida til MOT: <http://www.mot.no/>



«**MOT** bevisstgjør og styrker ungdoms mot – til å leve, bry seg og si nei.

MOT samarbeider med ca 300 skoler og når 65 000 ungdommer over hele Norge. Det gjennomføres over 15.000 MOT-møter på ca. 300 skoler hvert år, og MOTs ildsjeler bruker årlig 30.000 timer i klasserommet.

MOTs målgruppe er alle ungdommer der en skole eller kommune har inngått en partneravtale med MOT. Det er dokumentert at MOT har effekt på flere områder: Ungdoms selvtillit, optimisme og mot. I tillegg styrkes opplæringskvalitet og læringsorientering ved bruk av MOT. MOT forebygger hyppig mobbing, mistriivsel, gruppepress, ensomhet og rusmisbruk. MOT beskytter mot de mest negative utslagene i ungdomstiden.

I gjennomføringen brukes lokale MOT-medarbeidere (skolepersonell, politi, idrettstrenerne, ungdommer o.a.). Ildsjelene våre er håndplukket og er fremragende til å nå inn til ungdom. Disse tar ungdom på alvor og gløder for ungdoms liv. De møter målgruppa på ungdoms premisser, bl.a. gjennom 23 opplevelsrike MOT-møter i klasserommet i løpet av ungdomsskolen og

videregående. Gjennom ung til ung-formidling, øvelser, historier, dialog og rollespill bevisstgjøres ungdom til å ta egne valg, ta vare på hverandre og vise mot.

MOT har en rekke forsterkningstiltak utover skoleprogrammene, som MOT-turneen, MOT-Camp og Mestringsreisen.

MOT har en helhetlig modell for hvordan skoler og lokalsamfunn kan jobbe sammen med ungdom, som involverer både fritidsarena og foreldre.

MOT er også et verktøy for kulturbygging og verdibasert ledelse både på skoler og i kommuner. Ved å bruke MOT skaper man en positiv lagspill-kultur og en felles forståelse for ansvaret vi har for hverandre.

MOT ble startet av norske toppidrettsutøvere i 1997. Initiativtakere var skøyteløperne Atle Vårvik og Johann Olav Koss.

MOT er også etablert i Sør-Afrika, Thailand og Danmark».

Mal for innhald når eit enkeltvedtak skal skrivast (bruk Web.Sak)

Til Foreldre/ føresette

Vedtak i forhold til det psykososiale miljøet

Vi viser til møtet/ ditt brev den dato der det kjem fram at

- 1) Bakgrunn for saka:.....
- 2) Vurdering: Skulen sine vurderingar og tiltak.

Opplæringslova § 9a -1 seier,
Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

*Sør-Fron ungdomsskule/Harpefoss skule/Midtbygda skule fattar med dette slikt vedtak:
Tiltak, varigheit, samt ansvarleg for oppfølging (evt grunngje kvifor vi gjer andre tiltak enn det føresette har bedt om).*

Vedtaket kan klagast på i samsvar med forvaltningslova. Ei eventuell klaga må setjast fram skriftleg innan tre veker etter at vedtaket er kjent. Klaga skal sendast til Sør-Fron kommune, Levekårsetaten, Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron. Dersom klaga ikkje blir tatt til følge, blir klaga sendt til Fylkesmannen i Oppland for endeleg avgjerd.

Vedlegg: opplæringslova

Med helsing

rektor
xxxxxxxxx

Kopi: